



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
20.08.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/7784 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt per 31. juli 2018

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31. juli d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 3,7 prosent dei første sju månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 4,0 prosent.

Innbetalt skatt per 31.juli d.å. i prosent av budsjett 2018 var 61,1 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 59,7 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna på grunnlag av landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 3,9 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett var pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet 1,0 prosent.

Den store skattereduksjonen for Sveio kommune skuldast ekstraordinær skatt i 2017 frå ein skatteytar, etter sal av sin del av ei verksemd.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

